

## Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 06.10.2016

**Natalie Golis** sette fram forslag til endra pkt 1 innstillinga.

«Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutsleppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.»

**Stein Inge Ryssdal** sette fram forslag om å stryka ordet «Bergensområdet» i pkt 2.

### Røysting

Natalie Golis sitt forslag til endra pkt 1 vart vedteke med 8 røyster (MDG, H, FRP, V, SV).

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til endring i pkt 2 fekk 4 røyster (H, FRP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart vedteke mot 4 røyster (H, FRP).

### Innstilling

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutsleppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.
2. Det skal leggest fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.